


Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur

Nr 2 | juni 2022 | 25. årgang



Norsk
Seterkultur

Neste bladet

kjem i desember 2022, med frist for stoff 15. november. Send gjerne inn tips eller stoff til bladet.

Nytt stølskurs

skal det vera på Olestølen i Valdres i dagane 26. - 28. august. Her lærer du om både dyr, planter og kulturtradisjonar på setra. På side 4-5 i dette bladet kan du lesa meir om innhaldet i stølskurset.

Slåttekurs for ungdom

og unge vaksne skal det også vera på Olestølen i Valdres, i dagane 22. - 24. juli. Slått med tohjuling og ljå, hesjing og bruk av handreidskap står på programmet.



Styret:

Siv Beate Eggen, leiar
Sørbygdvegen 543,
7760 Snåsa,
tlf 481 02 785
sivbeate@me.com

Kari Sofie Asmyhr Østen
Kongevegen 69
2770 Jaren
tlf 975 07 002
kari.sofie.asmyhr.osten@
tine.no
(repr. landbrukssamvirket)

Knut Ola Storbråten,
nestleiar

Anno museum, Odalstunet,
Kongsvinger festning 2,
2213 Kongsvinger
tlf 46951351
knut.ola.storbraten@
annomuseum.no

Varamedlemer
Olav Huso
Liovegen 142
3560 Hemsedal
tlf 918 46 027
olav@liovegen.no

Styremedlemer

Inga Iversen Aasen
Vingelsåsen 51
2542 Vingelen
tlf 416 37 520
ingaversenaasen@gmail.com

Ole Øvrejorde
Villandsvegen 38
3577 Hovet
tlf 413 06 746
ole@ovrejorde.no

Kathrine Kinn
Natadalsvegen 57,
3841 Flatdal
tlf 452 29 771
Kathrinekinn@gmail.com

Gro Haraldsdotter Arneng
Dalsvegen 639
2940 Heggenes
tlf 952 26 255
groarneng@hotmail.com

Utgjevar:

Norsk seterkultur
Skrautvålvegen 77, 2900 Fagernes

Teléfono: 990 09 584
E-post: seter@seterkultur.no
Hemeside: www.seterkultur.no
Sekretariat: Katharina Sparstad
katharina.sparstad@valdres.no
Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr.: 879270642
Redaktør: Øystein Skjæveland, tlf 416 07 381
heim@irosa.no
Trykk: Unitrykk, Spjelkavik
Rekneskap/abonnement: Svein Løken, sv.loken@gmail.com

ISSN 1501-6803
Seterbrukaren kjem ut tre gongar i året.

Redaksjonen avslutta 5. juli 2022.

Framsida: Teikning frå "Nynorsk Vikeblad" frå 21.
august 1937.

Send inn setersommaren!

› Norsk seterkultur vil gjerne ha glimt frå seterlivet landet rundt denne sommaren. Send oss bilete og litt tekst, så det kan brukast i medlemsbladet eller andre samanhengar.

› Me vil også nytta høvet til å be deg som er medlem til å senda oss epost-adressa di, så det vert lettare for organi-

sasjonen å få ut informasjon til medlemene.

› Du kan senda alt dette til:
seter@seterkultur.no

Takk for hjelpa,
og god setersommar!

Kjære seterbrukere og setervenner

Sammen skaper vi et levende Norge
– TINEs visjon kunne ikke vært mer passende for seterbrukere.



Dere bidrar til å opprettholde en verdifull del kulturlandskapet med drift av inn- og utmark, seter og støl. Den norske setertradisjonen er mangfoldig, men har alltid handlet om å forvalte naturen godt.

Hva gir vel bedre sommerfølelse enn å se ku og geit som beiter på grønt gras? Denne følelsen får flere ta del i når det norske folk reiser på ferie. Et viktig bevis på at norsk landbruk holder kulturlandskapet i hevd og produserer rene og trygge råvarer

til det norske folk. Dette er verdi- og omdømmebygging i praksis.

Vi håper på en god setersommer med passe mye regn og sol! Takk for at du bidrar med sommermelk til norske forbrukere.

Med vennlig hilsen TINE

Studieturar til Noreg og Sverige

Over sommaren vert det to studieturar i samband med den svensk-norske søknaden om Unesco-status for seterkulturen – ein til Noreg og ein til Sverige. Den norske studieturen skal vera i dagane 19. - 22. august, og går til Valdres og til Undredal i Sogn.

Føremålet er å vitja ulike setrar som er i drift, og få snakka med aktive norske seterbrukarar. Studieturen til Sverige skal vera 23. - 25. september, i samband med «Fäbodriksdagen» til Svensk fäbodkultur og utmarksbruk, i Älvdalens i Dalarna.

Nydyrking eller nybygg ved setra?

Bonde Torbjørn Jørانli i Øyer i Gudbrandsdalen søkte for ei tid sidan Øyer fjellstyre om å få dyrka opp 13 mål ved Ilsetra, for å utvida næringsgrunnlaget på garden sin. Det litt spesielle var at dette var eit areal i bruk til parkeringsplass – og at Statskog ville byggja omlag 100 fritids-husvære på det same området (som er eit eldre massedeponi). Jørانli har sjølv sagt at han søker

fyrst og fremst for å stoppa vidare utbygging ved setergrenda. Og det ser det ut til at han fekk til – avisar GD melder 4. juli at det politiske fleirtalet vil setja foten ned for vidare utbygging. Men det er likevel ikkje avgjort om Jørانli får lov å dyrka området, som ligg like ved setra hans.

Setra på leirskule

Norsk seterkultur ynskjer at flest mogeleg, ikkje minst born og unge, skal få oppleva seterkultur. Ei stor pengegåve gjer no at leirskulane i landet kan vera ein del av dette arbeidet.

Av Øystein Skjæveland

Ei seter er ein god stad å læra, både om husdyr, plantar, mat, og samanhengen mellom alt dette. Norsk seterkultur har fått midlar frå Sparebankstiftinga for å knyta fleire born og unge til seterlivet, og har innleidd eit samarbeid med Norsk leirskoleforening om dette. No kan leirskulane søkja støtte for å tilby seteropplevingar som ein del av leirkuledrifta. Det kan vera både dersom leirskulen vil dra på tur til ei seter i nærområdet, eller dersom leirskulen sjølv vil byggja opp seteropplevingar på leirskulen.

Dersom leirskulen ligg nær eit seterområde, kan skulen undersøkja



Setra er ein god stad å læra om praktisk arbeid. Katharina Sparstad fortel ei elevgruppe om ysting.

om det går an å få ein avtale med ei seter om å ta mot elevgrupper. Borna kan få læra om grunnlaget for seterdrift og at det handlar om å hausta eit overskot i utmarka. Vidare bør dei få vera med på dyre- og mjølkestell. Dei kan få vera med og laga mat, og læra om segner og eventyr knytt til seterlivet.

Mini-seter

Det går også an å laga til seterliv på leirskulen sjølv. Ein kan til dømes

leggja til rette for beitedyr i liten skala, som kalv eller kopplam. For å læra om mjølkeforedling kan ein kjøpa mjølk frå Tine eller frå ein gard (hugs å klarera med Mattilsynet).

Leirskulane kan søkja Norsk seterkultur om midlar til å laga undervisningsopplegg på setra. Interesserte kan ta kontakt for meir informasjon. Søknadsfristen er 31. oktober 2022.

Europeisk prosjekt om beitebruk

Eit samarbeidsprosjekt mellom fleire europeiske land skal leggja til rette for beitebruk i ei ny tid.

Av Øystein Skjæveland

Føremålet med prosjektet er å leggja til rette for yrkeopplæring for folk som driv med beitedyr og på grunn av arbeidet sitt kan ha vanskar med å få anna opplæring.

Prosjektet knyter seg til omgrepet «transhumance», som dei definerer som eit jordbruks-system med buskapar av beitedyr som skifter mellom faste sommar- og vinterbeite. I norsk samanheng vil det vera seterbruket som kjem nærest denne definisjonen.

Slik drift kan hjelpe til med å gjera

landsbygda berekraftig både i økonomisk, økologisk og sosial forstand, heiter det i prosjektomtalen. Prosjektet skal hjelpe brukarane med å føra vidare beitebruken i ei tid der mykje er i endring, og skal sjå på til

dømes nye forretningsområde. Prosjektet, med namnet «Transfarm», er eit samarbeid mellom institusjonar i Hellas, Italia, Spania, Belgia, Tyskland, Slovakia og Noreg. Leininga av prosjektet ligg til NMBU i Noreg.



Frå Ungarn (bilete: Alexandra Kruse).

Stølskurs på Olestølen

Når 12 betalende, unge voksne mellom 28 og 41 år ønsker å tilbringe en helg på en støl uten strøm 1000 m.o.h., har dette lite med nostalgi eller bonderomantikk å gjøre. Deltakerne som dro på stølskurs på Olestølen 24.- 26. juni kom for å lære om fjellets ressurser, melkens biologi og kulturlandskapets artsmangfold. Alt i et storstølt stølslandskap med varmt og kyndig vertskap.

**Tekst og foto: Lene Hovi
Valdres Natur- og Kulturpark**

Thomas og Kathrin Aslaksby har tilbrakt hver sommer på Olestølen siden 2006. De har geiter, driver økologisk osteproduksjon og har åpen støl enkelte dager gjennom sommeren. Vertskapsrollen er avslappet og ekte.

- Støslivet er sosialt, men det er alltid oppgaver som må løses, mat som skal lages og dyr som trenger tilsyn. Vi har ikke all verdens plass, men her på stølen får vi likevel lett aktivert 12 gjester og 24 nye hender, sier Kathrin Aslaksby.

Hun mener det viktigste hun kan lære



Her er hele gruppa på stølskurset.

bort på en slik helg er hvordan man tar vare på naturen ved å benytte alle dens ressurser på en bærekraftig måte.

- Det handler om tid. Alt tar tid, men tiden blir betydningsfull på denne måten, sier hun.

Tett på elementene

Midt på dagen lørdag er helgens første ost alleredy laget av dagsfersk

geitemelk. Et par store hvitoster ligger klare til lagring, samtidig som mysen er satt til koking over en vedfyrt jerngrype. Her røres det på skift. Om tolv timer er dette blitt til brunost, og da er også alle melkens elementer benyttet.

På tunet har Ane Gjerland slått seg ned for å luke rundt nikkeløkene som stikker opp ved steinhellene.

- Jeg og samboeren har overtatt et småbruk med en nedlagt seter og ønsker å få liv i gården når vi finner tid. Foreløpig har vi bier, men på sikt drømmer vi om å holde sau og lage egne øster. Å delta på stølskurset er lærerikt for meg som er spesielt opptatt av god ressursutnyttelse, forteller Gjerland

Hun tror slike læringsarenaer blir stadig viktigere for hennes generasjon.

- Det føles som det er en liten bølge på gang rundt disse temaene. Jeg kjenner mange på min alder som nå ønsker bokstavelig talt å putte fingeren i jorda og lære om helt elementære ting. For meg er dette et møtepunkt mellom bærekraft og livskvalitet, kanskje det er dette livet som er "moderne" i fremtiden?, spør hun.



Fyring under kjelen og røring i brunosten.

Et saktere liv

IT-konsulent Kristoffer Stange forteller om en stadig større nysgjerrighet for det som skjer utenfor husets fire vegger, nede i jorden og rundt i naturen.

- Det slo nok ekstra godt ut under koronaen, da man merket at livet ikke kan leves fullgodt inne i en leilighet. Jeg har ikke vært på en støl før, men alltid vært glad i naturen og hvordan den fungerer på egne premisser.

Med mitt åpne og nysgjerrige sinn, fikk jeg lyst til å delta på dette kurset for å se om et saktere liv oppleves mer meningsfullt, forteller Stange over en kaffepause fra brunostrøringen.

Han har tidligere vært på ystekurs og syslet litt med ølbrygging, men han debuterer i stølslivet denne helgen.

- Så langt har matopplevelsen vært den beste erfaringen. Jeg er interessert i historien bak maten man får servert. Her oppe er vi tett på. Vi melker geitene, ysterosten, lager maten og sylter rabarbraen selv. Det er veldig mye å gjøre, men dette oppleves som et mindre hektisk liv likevel, sier han.

Botanisk vandring

Et av stølskursets mange programposter er en vandring i utmarka for å lære om kulturlandskapets biologiske mangfold og se dette i sammenheng med beitedyra.

Vert og budeie Kathrin Aslaksby



Kursgruppa i geitefjøset (foto: Kathrin H. Aslaksby).

forteller om krabbing på alle fire og vill begeistring når enkelte truede arter ble gjenkjent.

- Her tror jeg mange fikk øynene opp for viktigheten av beiting og levende støler. Ved å kunne litt om planter og hvor de trives, kan man lese historien til et landskap. Når melkebilen begynte å henta melka på stølene, var det ikke lenger samme behovet for å høste einer og bjørk til brunostkoking. Dette, sammen med færre beitedyr og klimaendringer, skaper gjengroing i stølslandskapet. Gjengroing truer mangfoldet, og det å finne sjeldne nøkkelarter her rundt Olevatn var en fin opplevelse for deltakerne, sier Aslaksby.

Hun oppsummerer helgen videre slik: Deltakerne har melket geitene, lært å vurdere melkens kvalitet og hvordan alt av melken kan benyttes. Maten har



Stuttoren er nyttig på stølen..

de laget selv over vedfyrt ovner, og råvaren til rabarbrasyltetøyet hentet de på stølstunet. Oppvask tar sin tid på en støl uten strøm og innlagt vann, men ingen klagde. Jeg tror mange fikk øynene opp for at ysting er et tidkrevende håndverk og at kunnskap om bakteriekulturer, enzymer og lagring var nyttig. På toppen av alt kommer vi til å savne dem, for det var en veldig fin gjeng vi ble kjent med og som vi er spent på å følge med videre, avslutter budeia. Stølskurset på Olestølen er satt opp i samarbeid med Valdres Natur- og Kulturpark og er en del av "Ung i Park"-prosjektet. Motivasjonen bak kurset er å gi ungdom og unge voksne et innblikk i våre unike natur- og kulturverdier her i Valdres.



Botanisk vandring på Olestølen (foto: Kathrin H. Aslaksby).

Økt setertilskudd og andre endringer i jordbruksavtalen

Årets jordbruksavtale er godkjent i Stortinget. En kan si mye om avtalen. Det er store tall, men det aller meste går med til å kompensere for økte kostnader.

Av Svein Løken

Jeg har sett litt på hva avtalen betyr for seterbrukere:

Setertilskudd:

Jordbruket klarte å forhandle seg fram til at det blir to minimumssatser; kr 50 000 ved minst 4 ukers seterdrift og kr 70 000 ved minst 6 ukers seterdrift. Dette var i samsvar med jordbrukets krav, men Staten tilbød i første omgang kun en utredning av framtida for seterdrifta. Staten ville beholde gjeldende minimumssats på kr 50 000 ved seks ukers drift. Jordbruket krevde også et nasjonalt foredlingstilskudd på kr 10 000 per seter, kr 10 000 ekstra per deltaker i felleseter, og at det innføres et nasjonalt tilskudd til besøkssetrer etter mal av det de har i Trøndelag. Disse kravene ble ikke innfridd, men det blir en utredning for seterdrifta før neste års forhandlinger.

Det er veldig gledelig at det ble enighet om å øke minimumssatsen for over 6 ukers seterdrift til kr 70 000. Setertilskudd går over Regionalt Miljøprogram, slik at det er opp til det enkelte fylke å fastsette satser, på eller over minimumssatsen. Det som er ekstra gledelig er at de fleste fylker ser ut til å ha lagt seg en god del over minimumssatsene. Men det er



Illustrasjonsbilete fra Langsetra, av Marit Lind Jordet.

forskjell på hvordan fylkene har satt satsene i forhold til tidligere. Noen har økt en god del, mens de som lå over minimumssatsene i 2021 ikke har økt så mye. Jeg har sjekket litt og funnet disse foreløpige satsene for setersesongen 2022 for noen fylker (ramma under):

Endring i andre tilskudd som har betydning for en seterbruker: (ikke utfyllende)

Mjølkeku:

Husdyrtilstskudd: + kr 775 for alle intervall på mjølkeku. Ny sats kr 6103 for de første 14.

Tilstskudd små og mellomstore mjølkebruk: + 840 per ku opp til 23 stk. Ny sats per ku kr 2 490. En med 14 mjølekyr får en økning på husdyrtilstskudd og små og mellomstore på kr 22 610, og kr 120 302 samlet på disse to tilskuddene.

Driftstilstskudd: + kr 70 000 for alle soner. Ny sats kr 234 550 til kr 273 550 per bruk.

Endring i målpris mjølk: + kr 0,36 per liter

Andre storfe:

Husdyrtilstskudd: + kr 400 per stk. ny sats kr 1 198.

Mjølkegeit:

Ingen endring på husdyrtilstskudd og grunntilstskudd mjølk

Driftstilstskudd: + kr 70 000 for alle bruk og soner. Ny sats kr 259 310 per bruk.

Tilstskudd til kjeslakt over 3,5 kg: + kr 50 per slakt.

Kulturlandskapstillegg øker med kr 50 per daa i alle soner.

Arealtilskudd grovfôr øker med kr 50 til kr 90 per daa avhengig av sone.

• Viken:	Kr 95 000 for alle som er på setra minimum 4 uker
• Innlandet:	Kr 70 000 for minimum 4 uker, kr 90 000 for minimum 6 uker
• Vestland:	Drift i 4-6 uker; kr 70 000. Drift i minst 6 uker, kr 80 000
• Trøndelag:	Drift av seter egen foredling 4-6 uker; kr 95 000, Mer enn 6 uker; kr 115 000 Drift av seter levering til meieri; 4-6 uker; kr 80 000. Mer enn 6 uker; kr 100 000 Besøksseter: kr 80 000. (Besøksseter kan ikke kombineres med vanlig setertilskudd.)
• Møre og Romsdal:	Minst 4 uker, kr 50 000, Minst 6 uker; kr 70 000 (+ sannsynlig videreføring av foredlingstillegg kr 20 000.)

Seter-tilskot også på Agder

No er det tilskot til seterdrift i Agder fylke også. Som einaste fylke hadde ikkje Agder tilskot for setrar – statsforvaltaren meinte at det ikkje fanst ei einaste tilskots-verdig seter i heile fylket.

Av Øystein Skjæveland

Denne saka vart mellom anna lufta på fagsamlinga og landsmøtet til Norsk seterkultur i Bø 26. og 27. mars i år. Der var ivrig seterbrukar Margaretha Krug Aase frå Kvinesdal til stades og fortalte om vanskane med å få setertilskot i heimfylket. Så byrja snøballen å rulla. Både Norsk bonde- og småbrukslag ved Vilde Haarsaker og Norsk seterkultur ved nyvald styremedlem Kathrine Kinn og dagleg leiar Katharina Sparstad engasjerte seg i saka.

Etter ymse kontaktar att og fram mellom Norsk seterkultur, Småbrukslaget, Landbruksdirektoratet og Statsforvaltaren i Agder, vart enden på visa at også Agder vil dela ut tilskot til seterdrift. Sjølv om det vart vedteke eit landsdekkjande setertilskot på minst 50 000 kroner



Margaretha Krug Aase frå Kvinesdal har planar om seterdrift i Agder fylke (bilete: Knut Ola Storbråten).

i landsbruksoppgjaret i 2018, har ikkje Agder teke med dette i tilskotsprogrammet sitt. Grunnen var rett og slett at det ikkje var setrar att i fylket som kunne ha krav på tilskot.

Og for å gjera ei lang historie kort, så kom statsforvaltaren i Agder fram til

at dersom det no likevel skulle finnast stønads-verdig seterdrift i fylket, så skulle setertilskotet koma på plass frå 2022. Såleis har Agder no tilskot på lik line med resten av landet.

Det vedtekne minstertilskotet i landet har vore på 50 000 kroner, men fylka kan velja å gje høgare tilskot. Såleis har Viken 95 000 kroner i tilskot og Vestland og Innlandet har 70 000. Både i Møre og Romsdal og Trøndelag er tilskotet høgare dersom ein foredlar mjølka på stølen. Kravet er elles at ein må produsera minst 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk om dagen.

Sjå oppdaterte tal for setertilskot på side 4.

Margaretha Krug Aase har dei siste tre åra tenkt på å ta opp att setring i heimfylket, men både Innovasjon Noreg og statsforvaltaren har sagt at ein kunne sjå bort frå setertilskot i Agder. Når det no kan ordna seg med tilskot likevel, ser Aase for seg at ho vil drive besøksseter i Kvinesdal om eit par års tid, og har hatt kontakt med kommunen om dette.

Margretha Krug Aase har mellom anna vore budeie på Gardsetra i Oppland (sjå artikkel derfrå i førre utgåva av Seterbrukaren.)

Setersmørmerket 2022

Tolv setre fordelt mellom Telemark og Trøndelag bruker beskytta betegnelse av setersmør (kartet t.h.).

Av Katharina Sparstad

Som mange vet fikk Norsk Seterkultur beskytta betegnelsen på tradisjonelt grunnlag for setersmør. Medlemmer i Norsk Seterkultur kan benytte merket for et administrasjonsgebyr på kr 300,- dersom de oppfyller kriteriene. For å sikre seterkvalitetene må kyrne gå fritt på dagbeite og ikke få mer enn 30 prosent tørrstoff fra kraftfør. Norsk Seterkultur har fått hjelp

fra TINE til å regne ut hvor mye kyrne kan melke før vi må gi større mengder kraftfør i forhold til ytelse. Merket fungerer bra på gode sommerbeite, men kyr som melker mer enn 24 liter på dårlig høstbeite bør nok ha tilleggsfør som overskider kriteriene. Det er likevel fullt mulig å bruke merket bare deler av sommeren. Vi opplever en stor etterspørsel etter ekte setersmør, og anbefaler alle smørprodusenter å benytte merket.

Kriterier og mer informasjon finner du på seterkultur.no/ setersmør.



Her er Stig sitt paradis

Langt der framme ser eg fjellet Städjan som reiser seg mot himmelen. Eg er på veg mot Foskdalsvallen i Städjan-Nipfjäll-naturreservatet utanfor Särna.

Tekst og bilete: Victoria Törnqvist

Her har det vore drive seter samanhengjande frå 1600-talet, og Stig Spånberg som brukar setra i dag er sjette generasjons seterbrukar. Etter kveldsmålet set eg meg ned attmed den sprakande peiselden i lag med Stig for å ta ein prat. Han fortel med varme om mora Sonja som vart budeie her alt i 12-årsalderen. Sonja, fødd i 1932, er framleis innom i blant, men greier ikkje lenger å bu i selet. Minnet skrantar og beina er ikkje så sterke som før.

- Men det er ikkje lenge sidan ho hadde større armar enn meg, ler Stig og held opp ein muskelsterk arm. I si tid handmjølka Sonja kyrne, som dei oftast hadde fem av. Sommaren 2020 er det åtte kyr dei mjølkar, og til saman er det 14 storfe på garden. I dag har Stig straum til fjøset og det er mjølking med maskin.

Yngst i flokken

Eg undrast på korleis det har seg at det vart Stig som tok over, han som er yngst i ein syskenflokk på åtte.

-Eg har sagt sidan eg var barn at eg skulle verta bonde. I fjøset hadde eg ei kryssfiner-ku som vart heilt rundslipt i hjørna, for eg drog henne så mykje rundt på golvet. Og var eg ikkje i fjøset med mor, så var eg med grannekona Maja-Lisa, som også hadde kyr.

Mangesyslar

Stig var mykje på setra også før han tok over for 14 år sidan. Men han har nådd å ha arbeid både i Stockholm og på den svenska vestkysten, er utdanna møbelsnikkar og har gått tømrarskule i Rättvik.

-Ja, eg har prøvd mange ulike bransjar, eg har vore bartender i Noreg og arbeidd i barnehage i



Stig Spånberg handmjølkar fjellku Silvia.

mange år, og der treivst eg svært bra. No brukar han å vera på fjellet i Idre om vintrane, fyrste vinteren som kokk og seinare som heisoperatør.

-For ein må jo ha eit anna arbeid også, det er ein dyr livsstil dette å vera seterbrukar...

Seterlivet lokkar

Og det er her på setra han vil vera.

-Dette er paradis på jord - same kor mykje arbeid det er, så kjenner ein seg fri, seier Stig og ser lukkeleg ut. Når eg spør om baksida av medaljen dreg han på det, og vil eigentleg ikkje vedgå at det finst ulemper òg.

- Det er vel at ein må heim att til Särna. Neidå, eg er glad i Särna. Det er jo mykje arbeid med sjølve flyttinga, men samstundes vil ein jo ikkje bu her når det er over ein meter med snø. Ei anna ulempe er vel all kuskiten som ein må moka bort bak fjøset så ikkje huset skal rotna. Det kunne også vore slitsamt om det var rovdyrproblem her, men me har hatt

flaks og klart oss.

Tek mot hjelp

Men ei ulempe kan det sjølv sagt vera at det er vondt å rekkja over alt når ein er åleine. Stig har ulike måtar å leita etter arbeidskraft på. Han har tildels annonser på Facebook, og så er han med i organisasjonen «Work away». Gjennom sistnemnde har det kome både nederlendarar, tyskarar, franskmen og ein kar frå Peru.

-Som oftast er dei dugande og det går bra, men somme tider vert det kulturmøllen, til og med med svenskar. Ein gong var det ei stockholmskvinn som snakka så varmt om at ho lengta etter å koma hit, og så tok det berre tre dagar før ho ville heim att til Stockholm. Og så kom det nokre unge svenske jenter som saga sund fjøset, for dei fekk for seg at stokken bak båsen gjorde vondt for kyrne. Men denne stokken hindrar jo at land og mòk renn inn i båsen, så når dei tok bort denne

stokken vart kyrne følt så skitne berre på éi natt, sukkar Stig.

Mange turistar

Det kjem mange på vitjing til Foskvalldalen. Tysdag og torsdag er «seterdagar», og sommaren 2020 kom det fleire gjester enn vanleg, etter som mange hadde heime-ferie på grunn av koronaen. Stig reknar at det til vanleg er omlag 40 gjester om dagen og kanhenda 50-60 no. Og til og med på ei fleire hundre år gamal seter finst det moderne løysingar for gjestene. Dei kan betala med «swish» (svensk vipps), men for å få dekning må dei somme tider gå opp på ein haug bak setra, som difor har fått namnet «Swishhaugen».

Kalven Vilse

Samtalen vender attende til dyra og produksjonen. Stig seier at det er 30-40 liter mjølk om dagen å ta hand om, men at det kan vera meir når alle kyrne har kalva. Her førre veka var det ei ku som kalva i skogen.

- Me fann kua, men ikkje kalven. Men kua tok han nærmare og nærmare for kvar dag, så til slutt kom han heilt heim. Han fekk heita Vilse («bortkommen»).

Kyrne kan også hamna på feil stad i blant. Stig syner fram biletet på mobilen som han fekk frå ein opprørt hytteeigar nokre kilometer vekke. Bileta syner velta stolar og eit øydelagd



Stig Spånberg gjer seg klar til mjølkestellet.

bord, men at det er snakk om noko «enorm øydeleggjing» er kanhenda litt overdrive av fotografen. Heldigvis skjer ikkje slikt så ofte, for kyrne har store, urørte område å gå på og er oftast nøgde med å vera på fjellbeitet sitt.

Vil læra å laga ost

På setra mjølkar Stig morgen og kveld, men når han er heime let han kalvane suga og tek berre den mjølka han treng. Ei vinn-vinn løysing for alle. Det han brukar mjølka mest til er smør og tjukkmjølk.

-Eg har ikkje lært meg å laga ost enno, eg er så lite flink å eta ost sjølv. Eg likar berre ostar utan smak, ler han med glimt i auga. Så vert han alvorleg.

-Neidå, milde ostar er godt, eg brukar å laga småostar og har ein tanke om å laga både ost og prim. Eg vil gjerne finna eit kurs å gå på, eller om nokon kunne koma hit og læra frå seg.

Framtidstankar

-Eg trur faktisk seterbruket er ein framtidibransje! Sonen Timmy har sagt at han vil verta bonde, om enn med færre kyr enn Stig.

-Dei har vore med frå ung alder, Timmy ville heller vera med meg og dyra enn i barnehage, og han prøvde å mjølka før han var to år. Olivia

prøvde i alle fall før ho var tre. Her ein morgen sa ho at eg ikkje trong å stå opp, ho skulle ta seg av fjøsstellet, om eg berre hjelpte henne på med buksa! Ja, me får no sjå korleis det går, men ein kan vona det beste.

Sein utrykking

Me rundar av samtalen, det er seint og mørkret legg seg. Stig må opp klokka seks i morgen, det er seterdag og mykje å gjera. Dessutan kjem han på at han burde køyra ei brunstig ku til ein okse på Foskvallen. Då må han nok ut og lasta opp og dra avgarde midt på natta. Nei, seterlivet er slett ingen ferie. Og likevel er det så mange seterbrukarar som seier med Stig at setra er beste plassen på jord.

Seterbrukaren takkar Svensk fäbodkultur och utmarksbruk for lån av artikkelen, som fyrt stod på trykk der i nr 3 - 2021. Setra det handlar om ligg i Älvdalens kommun, rett over svenskegrensa frå Femunden og Engerdal. Dette er same området der Baqer Mosawi dreiv seterbruk, som Seterbrukaren skrev om i 2020 og 2021. Det er også hit Norsk seterkultur og Svensk fäbodkultur och utmarksbruk skal ha studietur i september 2022.



Frå Foskdalsvallen.

Unesco-søknad med Sverige



Unesco-prosjektet handlar om seterkulturen. Illustrasjonsbilete: Norsk seterkultur.

Status for UNESCO-prosjektet - nominasjon av seterkulturen på UNESCOs liste over immateriell kulturarv.

Av Hege Hovd

Vi har sjekket ut mulighetene for å samarbeide med andre europeiske land om nominasjonen, men det er nå avklart at vi skriver søknaden kun sammen med Sverige. Andre land har fortsatt mulighet til å slutte seg til nominasjonen i etterkant. Etter råd fra UNESCO-rådgiver har vi også bestemt at nominasjonen sendes inn fra Sverige, for å unngå «saksbehandling-kø» i Norge, dette siden flere søker står for tur til å sendes i Norge, men det er ingen i Sverige.

På norsk side er det hhv. leder og nestleder i Norsk seterkultur, Siv Beate Eggen og Knut Ola Storbråten, som jobber med søknaden sammen

med prosjektleder Hege Hovd. Utover forsommelen og høsten vil vi ha flere felles skrivemøter sammen med svenskene og ISOF (Institutt for språk och folkminnen, som har nasjonalt ansvar for UNESCO-nominasjonene i Sverige). Etter planen skal søknaden være klar i løpet av året.

Film

Sammen med søknaden må vi legge ved en dokumentarfilm på 10 minutter. Siden søkeren skal være klar i år betyr det at alt vi trenger av film må filmes i sommer! Filmen må vise bredden i dagens seterkultur, fra det tradisjonelle til det moderne, både geografisk og tematisk. Den skal ha fokus på seterkulturens rolle blant seterbrukerne, hvordan seterkulturen overføres til nye brukere og hvilke utfordringer som finnes. For å få til dette skal vi leie inn et profesjonelt filmteam, som skal filme flere steder og klippe det hele sammen, men siden vi har et langstrakt og mangfoldig land trenger vi også hjelp av deg (se info i egen boks)! Vi ønsker også fortsatt bilder fra setra/stolen for å legge ut på Instagram-sida vår, tagg bildene med #setra_mi!

Vil kommer til å sende ut en oppfølgende spørreundersøkelse til de som svarte på undersøkelsen «Setra mi» og har sagt at vi kan ta

Hege Hovd i Rådhushuset Vingelen er prosjektleder for Unesco-søknaden (foto: Rådhushuset Vingelen).



kontakt på nytt. Denne undersøkelsen vil ha spesiell fokus bl.a. på den immaterielle kulturarven, overføring av kunnskap mellom generasjoner og rekruttering. Svarene vi får vil være viktig for nominasjonen, så vi håper alle som får tilsendt undersøkelsen kan sette av noen minutter til å svare!

Vi jobber kontinuerlig med å samle inn støttebrev til nominasjonen fra ulike instanser. Gode støttebrev vil øke sjansen for at seterkulturen blir skrevet inn på UNESCO-lista. Vi har fått god respons på dette, og så langt har vi fått tilsendt støttebrev fra Tolga Bondelag, Tolga kommune, Øystre Slidre kommune, Rørosmeieriet, TINE SA, Norges Vel, Fjellnettverket, Oppland Bonde- og Småbrukarlag og Hedmark Bygdekvinnelag.

Seterfilm!

Vi ønsker filmer fra setra/stolen til dokumentasjon! Kan hende akkurat din film blir brukt i UNESCO-nominasjonen?

Vi ønsker små filmsnutter av folk i aktivitet, f.eks lokking, separering, kinning, ysting, lage seterkost, fortelling, sosiale samlinger, buføring, melking og føring. Vis gjerne hvordan overføringen av kunnskap skjer og hvordan nye generasjoner involveres i det praktiske arbeidet!

Det kan gjerne filmes med mobil, men husk å filme i liggende format. Alle som blir filmet må gi sitt samtykke til at filmen kan bli publisert på nett.

Det vil bli premiering av de best egnede filmene. Mer informasjon om hvordan filmene kan sendes inn m.m. vil legges ut på seterkultur.no.

Øk melkens verdi med eget gårdsysteri

Fjøssystemer tilbyr komplette løsninger til gårdsmeieri og ysting fra anerkjente Plevnik. Ystekar, ostepresser, pasteuriseringsutstyr og mye mer. Plevnik er kjent for topp kvalitet og finish.

Vi tilbyr selvsagt montering, service og deler til dette utstyret på lik linje med resten av Fjøssystemers sortiment. Ta kontakt med Knut Evensen: knut@fjossystemer.no



PLEVK

Add value to milk.

**SMART
FÖRING**
FJØSSYSTEMER



www.fjossystemer.no

FJØSSYSTEMER
Bonden og dyrenes førstevælg

Øst
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
ost@fjossystemer.no

Sør
3178 Våle
Tlf. 33 30 69 61
sor@fjossystemer.no

Vest
4365 Nærø
Tlf. 51 43 39 60
vest@fjossystemer.no

Nordvest
6770 Nordfjordeid
Tlf. 57 86 25 05
nordvest@fjossystemer.no

Midt
7473 Trondheim
Tlf. 72 89 41 00
midt@fjossystemer.no

Bygg
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
bygg@fjossystemer.no

Sendar:
Norsk seterkultur
Skrautvålvegen 77
2900 Fagernes



Nytt bumerke til 25-åringen

Norsk seterkultur fyller 25 år «omtrent på denne tida», som det heiter i songen. Ei lita jubileums-markering kan vera at organisasjonen får seg nyt bumerke.

Av Øystein Skjæveland

Henning Wangsnes i Valdres Natur- og Kulturpark har utarbeidd tre framlegg til ny logo eller bumerke (til høgre). Framlegg 1 er laga både i høgde- og breiddeformat. Framlegg 2 og 3 er sirkelrunde.

Styret i Norsk seterkultur skal velja seg ut det nye bumerket til hausten, og planen er å ta det i bruk frå 2023. Fram til no har det vore brukt eit merke slik du ser det på framsida av dette bladet, med bjølle og klave.

Alle utkasta til bumerke tek utgangspunkt i blomen snøsøte (*Gentiana nivalis*). Snøsøte er raudlista og finst ofte på stølsvollar i kalkrike område, og er avhengig av dyremulen for å overleva. Snøsøte veks i fjellet i heile Noreg, og er frå 3 til 20 cm høg. Planta har det slik at ho berre opnar blomen i solskin og når det er over 10 grader varmt. Difor er ho vanskeleg å få auga på i overskya vær. Snøsøte er også brukt i kommunevåpenet til Nord-Aurdal kommune i Valdres.

Takk til Rolv Hjelmstad for utlån av biletet av snøsøte.

1)



NORSK

SETERKULTUR



NORSK
SETERKULTUR

2)



3)



Snøsøte, © Rolv Hjelmstad.

Innsatsen for seterdrifta
treng fleire støttespelarar.

Bli medlem

i Norsk seterkultur!
www.seterkultur.no



Mange av
produkta våre
har rot i støls-
kulturen og
vi støttar
Norsk seterkultur i arbeidet
for denne driftsforma.

